

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 46/2002

av 19. april 2002

om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 165/2001 av 11. desember 2001⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsavgjerd 2001/704/EF av 26. september 2001 om oppheving av avgjerd 97/150/EF om skiping av eit europeisk rådgjevande forum for miljø og berekraftig utvikling⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Avgjerd 97/150/EF bør opphevast for føremåla med denne avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 til avtala i artikkel 3 nr. 1 første strekpunkt, andre understrekpunkt (kommisjonsavgjerd 97/150/EF) skal nytt underordna strekpunkt lyde:

“– **32001 D 0704:** Kommisjonsavgjerd 2001/704/EF av 26. september 2001 om oppheving av avgjerd 97/150/EF om skiping av eit europeisk rådgjevande forum for miljø og berekraftig utvikling (TEF L 258 av 7.9.2001, s. 20).”

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. april 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

⁽¹⁾ TEF L 65 av 7.3.2002, s. 48, og EØS-tillegget til TEF nr. 13 av 7.3.2002, s. 27.

⁽²⁾ TEF L 258 av 27.9.2002, s. 20.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 19. april 2002.

For EØS-komiteen
Formann

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann